
**Referat frå møte nr 4 i prosjektgruppa**

DATO/TID: 02.03.2023 kl 08:30-11:30
MØTE NR: 4
STAD: Volda rådhus, Voldsfjorden (144), 1. etg.
INNKALLA: Berit Lyngstad (prosjekteigar), Nina Kvalen (prosjektleder), Astrid Dimmen (helse og omsorg), Anita Gaarder (barnehage), Håvard Strand (skule) Wenche Skjærvik (reinhold), Finn-Preben Mathisen (RS), Sonja Hovden (HVO), Cathrin Fremmerlid (HTV Utdanningsforbundet), Ingunn Svendsen (HTV Fagforbundet)
FRÅFALL: Lena Sætre (HTV Sykepleierforbundet)
MØTELEIAR: Berit Lyngstad
REFERENT: Nina Kvalen


Sak nr	SAK/KONKLUSJON	Ansvarleg
	Til møteinnkallinga - dokumenter utsendt til møtet <ul style="list-style-type: none">- Høyringsutkast Heiltidserklæring for Volda kommune- Utkast tilbod frå KSK: Heltid – kompetanseløp Volda kommune	Nina
8/23	Oppsummering etter KICK-OFF 09.02.23 og etterarbeid 10.02.23 m/KSK <i>Runde rundt bordet:</i> <ul style="list-style-type: none">- Dei som var på Uppheim etter lunsj var meir nøgde enn dei som var på Pinsekyrkja, nokre av oppgåvene var uklare – kva skulle ein gjere med «spindelvevet»?- Bra dag, mange positive tilbakemeldingar, men forskjell mellom dei som var til stades og dei som ikkje var til stades – viktig å nå ut til alle.- Informativt, viktige tema; langvakter, oppgåvekartlegging, korleis fordele oppgåver, tenker turnus med ein gong. Korleis løyse dette? Er det annakvar helg no?- Ein seksjon er klar til å gå i gang med langvakter.- Nokre tenker at politikarane har bestemt dette – viktig at KD/KS besøker avdelingane- Likte godt det som vart formidla etter lunsj på Pinsekyrkja. Har personleg fått ein forankring. Korleis sette dette ut i livet? Vi må våge å gjere nokre forsøk. Kombinasjonsstillingar på tvers av avdelingar og internt i avdelinga mellom tenester. Vi som har vore med ein stund har fått forståing, forankring.- Reinhold fell litt mellom to stolar. Mykje retta mot turnus og innsats i oppvekst. Korleis bruke dette i eiga teneste? <p>Ein er i gang med redigering av opptak frå samlinga. Skal teste korleis dele/lagre fila.</p>	Nina Bente
9/23	Skisse til prosess i 2023 <p>Etter KICK-OFF har Berit hatt møte med kommunedirektøren, helse og omsorgssjefen og oppvekstsjefen, og drøfta vidare strategi. På bakgrunn av dette har Berit laga utkast til skisse for vidare innsats i 2023, som skal danne grunnlag for politisk sak. I saka må ein vurdere budsjettkorrigering knytt til m.a. frikjøp. Skissa vil danne grunnlag for arbeidet med prosjektplan. Utkastet til skisse vart gjennomgått og delt ut til internt bruk.</p>	



	<p><i>Innspel til skisse frå PG:</i></p> <ul style="list-style-type: none">- Lite fokus mot oppvekst, viktig at det er meir tiltak mot sektoren- Vi må ha fokus mot noko vi kan gjere no- Barnets 1000 første dagar vil gjelde dei færraste som jobbar i oppvekst (døme: VUS)- Med utlysingsstrategi vil ein sjå på kombinasjonsstillingar opp mot assistentar/fagarbeidarar/miljøterapeutar i oppvekst, for å sikre kvalitet og kontinuitet til barnets beste/brukaren sine behov- Bør ha kombinasjonsstillingar som eige punkt i skissa <p>Skissa vart justert som følgje av innspel i møtet.</p>	Berit Nina
10/23	<p>Høyringsutkast Heiltidserklæring Høyringsperiode 03.03-24.03.23. Høyringsvar sendast til arbeidstakarorganisasjonane, ev. til hovudverneombodet for dei som er uorganisert, som sender inn til Nina.</p> <p>Høyringsvar vert sak på neste møte i prosjektgruppa. Dette for å klargjere endeleg Heiltidserklæring før den vert sendt til styringsgruppa og til politisk handsaming i formannskapet og kommunestyret.</p>	Nina Berit
11/23	<p>Oppgåvekartlegging, orientering frå Finn-Preben</p> <ul style="list-style-type: none">- KSK har sendt døme på detaljert oppgåvekartlegging i excel, som vart vist fram- Viktig at vi avklarar kva vi skal bruke oppgåvekartlegginga til- Vi veit allereie no kva vi brukar tida på i heimetenesta, men ikkje i institusjon- Arbeidslistene til heimetenesta viser til ein viss grad oppgåvekartlegging<ul style="list-style-type: none">o tilsette kvitterer seg inn/ut frå oppdrago kan lage rapportar ut i frå detteo tilsette får reiserute i Gericaro har 260 oppdrag pr. døgn- Kven utfører dei ulike oppgåvene i dag?- Kva er kompetansekrav for å utføre dei ulike oppgåvene?- Døme: Bilparken – tek mykje tid å måke snø og stelle bil.<ul style="list-style-type: none">o Treng ein sjukepleiar å gjere slike oppgåver?o Korleis vert slike oppgåver løyst i andre kommunar?o Kan ein t.d. nytte VTO-arbeidskraft til slike oppgåver?- Ufaglærte får i dag 3 opplæringsdagar- RS inneheld mykje tal som det er viktig vi nyttar i vidare arbeid- I 2022 hadde vi eit fråvær i helse og omsorg på 60 årsverk (111 618 timar:1846 = 60 årsverk)<ul style="list-style-type: none">o Sjukefråværet utgjer 32 årsverk av dei 60 årsverka med fråværo Ein del av fråværet er F4 dagar (F4 = Godtgjeringsfri - kompensasjon for arbeid på helge- og høgtidsdagar kan i staden for betaling helt eller delvis avspaserast). Dette kan vere ulempe for drifta.	
12/23	<p>Utlisningspraksis, rekrutteringsstrategi</p> <ul style="list-style-type: none">- Vart teken opp under sak 9/23 om utkast til skisse – tiltak i 2023.- Det er aktuelt å setje ned ei overordna partssamansett og tverrfagleg arbeidsgruppe som får i mandat å arbeide med dette- Berit vil avklare om nokon i personalavdelinga kan koordinere arbeidet	Berit



HEILTIDSKULTUR i Volda kommune



13/23	STIM-møter <ul style="list-style-type: none">- Sjå på revidering av mal/agenda for STIM-møter knytt til arbeidet med heiltidskultur	
14/23	Framdriftsplan, møter i 2023 <ul style="list-style-type: none">- 05.01.23: Prosjektmøte/førebuing KICK-OFF mv.- 09.02.23: KICK-OFF samling heile dagen- 02.03.23: Prosjektmøte; etterarbeid KICK-OFF, vegen vidare mv.- 11.04.23: Prosjektmøte; høyringssvar Heiltidserklæring- 18.04.23: Møte i styringsgruppa- 02.05.23: Politisk sak i formannskapet- 11.05.23: Politisk sak i kommunestyret- Prosjektmøte i mai 23, juni 23, sept. 23 -> 1 møte/mnd.<ul style="list-style-type: none">o STIM-gruppene arbeidar vidare på sine avdelingar	Nina Berit
15/23	Neste møte <u>Tysdag 11.04.2022 kl 08:30-11:30</u> , Volda rådhus, Voldsfjorden 1.etg. Det er sendt innkalling i kalenderfunksjonen.	Nina